
Vår referanse 2021/27713-4
Dato 17.08.2021

AMALIA HØYDAL
TVEITEVEGEN 40
5966 EIVINDVIK

Førebels svar - Søknad om ny avkøyrslø - fv. 565 - gnr 465 bnr 11 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslø, datert 20.07.2021.

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrslø til fylkesveg 565 Slettevegen i samband med oppføring av bustad på eigedom gnr 465 bnr 11 i Alver kommune.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. Det må difor søkast om dispensasjon frå arealføremål.

Før søknad om utvida bruk vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar.

Vi har motteke dispensasjonssøknaden til uttale frå kommunen, og vi vil skrive ein uttale til den. Difor vil vi vente med å handsame søknad om utvida bruk til Alver kommune har handsama søknad om dispensasjon.

Situasjonskartet som er sendt inn med søknaden manglar bakgrunnskart og difor kan ein ikkje sjå nøyaktig plassering av bustaden i forhold til fylkesvegen. Vi ber difor om at du sender inn eit nytt situasjonskart. Det kan sendast til sakshandsamar.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på e-post lillian.bakke.byrknes@vlfk.no.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringenjør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4